



Kari Færø
Veland 54
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2771 - 15/24817

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
08.07.2015

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 12/16 Veland - avkøyrse - kommunal veg

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 12/16 Veland, datert 01.07.2015.

Vedtaket:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og kant kommunal veg skal være minimum 6,0m.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dersom De er usikker på dette, ta kontakt med byggesaksvakt for avklaring.

Det er med heimel i Veglova §29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast



når det er gått 6 måneder frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart dispensasjon gbnr 12-16

Mottakarar:
Kari Færø

Veland 54

5993

OSTEREIDET